



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden sokneråd/Øygarden kyrkjelege fellesråd



Årsmelding for 2014



Frå ei gudsteneste som konfirmantane stod for i Hjelme kyrkje

Guds ord er rikeleg forkynt. Vekst i arbeidet.

Frå arbeidet

- Mange deltek
- Mange frivillige medarbeidarar
- Ny kyrkjegard i Hjelme vigsla
- Nye salmebøker til kyrkjene
- Kyrkjelydspedagog tilsett
- Nye tiltak som K2 og Babysong

2-5

Årsmeldingar med tal

6-11

Born og unge
Kor og kyrkjemusikk
Diakoni
Kommunikasjon
Statistikkar


12

Soknepresten si melding

Redaktør: Olav Martin Vik

kyrkja.no/oygarden [f kyrkjaoygarden](https://www.facebook.com/kyrkjaoygarden) [i 56382240](https://www.instagram.com/kyrkjaoygarden)

Figurane oppe til høgre er teikna av Maria Tveten. Dei vert å finna att i trusopplæringsmateriellet framover.





Frå visjonskvelden i Blomvåg kyrkje i september

Øygarden sokneråd si årsmelding

9394 personar deltok på gudstenestene i 2014. Det er 431 fleire enn i 2013.

Om soknerådet sitt oppdrag

"Soknerådet skal ha si merksemd mot alt som kan gjerast for å vekkje og nærme det kristelegte arbeidet i soknet, særleg at Guds ord vert rikeleg forkynt", heiter det i Kyrkjelova § 9.

Soknerådet har hatt 5 møte med 34 saker som m.a. omhandlar kyrkjelydsutvikling NaMu, misjonsavtalar, finansiering av salmebøker, tilsetjing av kyrkjelydspedagog, økonomi og budsjett, trusopplæringsarbeid og prioritering av tiltak.

Arbeidet i soknet

Guds ord er rikeleg forkynt gjennom 2014 i gudstenester og gjennom møte med born, unge og vaksne i ulike samanhengar og på eldretreff og anna diakonalt arbeid. Me møter mange born og unge menneske gjennom vårt arbeid. Nye møteplassar gjer at kyrkja møter fleire menneske, m.a. arrangerte møte med konfirmantforeldra. Kyrkja sentralt og soknerådet lokalt har fokus på misjon og det vert arbeida med ein ny misjonsavtale.

Trusopplæring

Tilsetjing av kyrkjelydspedagog i fast stilling styrkjer dette arbeidet. Det vert arbeida med ny plan for trusopplæringa.

Målet er å gjera arbeidet mellom born og unge mellom 0-18 år målretta og systematisk. Leirarbeidet er viktig i dette arbeidet. I 2014 deltok stab og ein del frivillige på Trosopplæringskonferansen 2014 på Lillestrøm. Det var inspirerende og lærerikt.

K2 og Babysong

K2 og Babysong i regi av kyrkja er nye tiltak i Øygarden. K2 er eit opplegg for ungdom etter konfirmanttida. K2 og Babysong er ein del av trusopplæringa.

Nye salmebøker

Det er kjøpt inn nye salmebøker til kyrkjene. Norsk salmebok 2013. Finansieringa vart mogeleg då Sparebanken Vest gav kr 30 000 til kjøp av nye salmebøker. Soknerådet løyvde i tillegg kr 36 000. Det må kjøpast ein del fleire salmbøker i 2015.

Prosesjonskors til kyrkjene

Det er tidlegare gitt gåver frå enkeltmenneske til dette føremålet. I 2014 vart det kjøpt prosesjonskors til begge kyrkjene.

Visjonskveld

60 personar deltok på visjonskvelden i september. Fokus var på kva som er viktig for at menneske kjem til gudsteneste og korleis kyrkja kan formidla von til

lokalsamfunnet og verda.

Kyrkjelydsbygging

Kyrkjelydsbygging (Naturlig menighetsvekst) har fokus på å auka gudstenestedeltakinga ved å fjerna hindringar som gir vekst. Ommund Rolfsen skal vera rettleiar i arbeidet. Han er fagperson på området. Arbeidet er komen godt i gong.

Offer

Offera har auka frå 2013 til 2014 med nærare kr 17 000. I tillegg kjem fast givarteneste. Det er flott at offera aukar.

Givarteneste og gåver utanom offer


I 2012 var det ikkje givarteneste. På grunn av svekka økonomi vart dette viktig i 2013. Då kom det inn kr. 46 000. I 2014 er det gitt kr 110 000 i gåver utanom offer i kyrkjene. Dette er eit flott resultat. Desse pengane går til trusopplæringsarbeidet og dekkar m.a. utgifter til Teamet som er kostnadsrekna til ca kr 350 000 pr år.

Frivillige medarbeidarar

Våre frivillige medarbeidarar er mange og stiller trufast opp på gudstenestene, eldretreff, leirar, kor og i andre samanhengar. I Hjelme kyrkje tek frivillige ansvar for søndagsskulen under gudstenestene.

Offer i kyrkjene og fast givarteneste

I 2013 gjekk omtrent alle offer i kyrkjene til eige arbeid.



Gudstenestedeltaking. Innmelde og utmelde.

	2010	2011	2012	2013	2014
Deltakarar på gt 7048	7318	8099	8963	9394	
Nattverdsdelt. ¹	1539	1507	1798	2195	1473
¹ Det var færre nattverdsdeltakere i 2014					
Innmelde og utmelde i Øygarden					
Innmelde	1	2	1	2	5
Utmelde	5	4	4	0	6

Kyrkjemedlemer i Øygarden: 4043 pr. 1.1.15

(av eit folketal på ca 4700)

Born og unge mellom 0-18 år: 1014 pr. 1.1.15

(Som trusopplæringa er retta mot)

Samarbeid

Det er ønskeleg frå soknerådet si side å ha eit godt samarbeid med lokale forsamlingar, foreiningar og lag. Kyrkja stiller resurssar til rådvelde som desse kan trekke vekslar på.

Det vert viktig med gode relasjonar mellom kyrkja og frivillig kristent arbeid når det gjeld trusopplæringa.

Kyrkja og NLM samarbeider om Teamet. Det samarbeidet fungerer godt.

Det er og eit godt samarbeid i prostiet og med prosten.

Kommunikasjonskanalar

Formidling av informasjon ut til folket er styrka i 2014, gjennom fornying av ØyNytt, ny heimeside, bruk av Facebook og flyers. Men, fortsatt er det viktig med informasjon og påverknad frå menneske til menneske. Staben og leiar i soknerådet har hatt kommunikasjonkurs i 2014, med erfarne føredragshaldarar. Øygarden var pilot i dette kursopplegget. Kyrkja lokalt har eigen plan for kommunikasjon. Ei bok om dette er no gitt ut på IKO.

Transport

I 2014 vart det sett fokus på transportordningar for menneske som sjølv ikkje kan ta seg fram til gudstenestene. Fleire har meldt seg til sjåførteneste. Ordninga vert arbeida vidare med, i 2015.

Framover

Det vert viktig å halda fokus på at Guds ord skal forkynnast rikeleg gjennom gudstenestene, barne- og ungdomsarbeid og diakonalt arbeid som t.d. eldretreffa. Arbeidet med trusopplæringsplanen og kyrkjelydsutvikling har særleg fokus.

I 2015 er det val til sokneråd og bispedømeråd. Det er viktig med eit godt leiarskap i kyrkja, tufta på Guds ord.

Me vil og ha fokus på våre frivillige medarbeidarar som er viktige i alt vårt arbeid.

Takk

Soknerådet takkar alle som deltok i 2014, enten som deltakar, frivillig medarbeidar eller løna medarbeidar. Takk til alle som gir til arbeidet.

Gå difor ut


«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. 19 Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Matteus 28.19.

Øygarden sokneråd

Erling Vik, leiar.
Råmund Skjold, nestleiar.
Astrid Nautnes Rustad.
Bjørn Fjeldstad.
Jakob Blom.
Øyvind Solsvik.
Espen Tveten, sokneprest.

Andreas Kårbø, vararepresentant
Ingebjørg Martinussen, vararepresentant
Turid Toft Amenya, vararepresentant
Monica Brevik, vararepresentant
Trygve Johannes Hellesøy, vararepresentant.
Ole Andreas Wastvedt, vararepresentant.
Unni Olafsen Bekkenes, vararepresentant.
Margit Sæle Jørgensen, vararepresentant.
Ingvild S.S. Myhre, vararepresentant.
Eli Karin Helle, vararepresentant.

Døypte i Øygarden 2009 - 2014



Søndagsskule i Hjelme kyrkje

I Hjelme kyrkje er det jamnleg søndagsskule under gudstenesta

Uløna medarbeidarar

Det er ca 60 frivillige uløna medarbeidarar i kyrkja i Øygarden, alt frå kyrkjevertar, medliturgar og leirleiarar. Ein del har fleire oppgåver, som t.d. og å sitja i kyrkjelege råd.

Eldretreffa

Det er uløna frivillige medarbeidarar som står i eit viktig arbeid med eldretreffa i Hjelme og Blomvåg. Dette er omsorgsarbeid og eit meningsfylt tilbod.

Nye tiltak i 2014

K2 - for ungdom etter konfirmasjonstida. Rundt 20 deltakarar i eit fast opplegg. Espen Tveten og Hogne Berland står ansvarleg for dette tiltaket.

Babysong starta opp i desember 2014 med 9 deltakarar første gongen. Det er Kari Sandøy Rong som har ansvaret for dette opplegget.

Hovudtala i soknerådet sin rekneskap for 2014

Inntekter

Offer i kyrkjene	kr	244 940
-av dette offer til eige arbeid	kr	69 521
Givarteneste (fast) m/sk.frådrag	kr	79 850
Andre gåver til kyrkjelydsarbeid	kr	21 580
Gåve frå Sparebanken Vest	kr	30 000

Utgifter

Kjøp av nye salmebøker	kr	66 000
Prosesjonskors	kr	16 400
Tilskot til leiararbeid og team	kr	90 000
Tilskot til konsert Gospel teens	kr	12 000
Lyd og lys til ungd.gudst.	kr	15 500



Frå vigslinga av den nye kyrkjegarden i Hjelme

Øygarden kyrkjelege fellestråd si årsmelding

Utan trusopplæringsmidlar måtte ein redusert i arbeidet mellom born og unge.

Fellestrådet sitt oppdrag

Fellestrådet sitt ansvar omfattar administrative og økonomiske oppgåver samt tilhøvet til kommunen. Fellestrådet har og eit overordna ansvar for mål og planar for kyrkja lokalt.

Personale

6,20 årsverk i faste stillingar. I tillegg kjem teamet som utgjør ei halv stilling. Staben har kompetanse på alle viktige område. Staben har stabsmøte kvar veke og deltek på medarbeidersamlingar i prostiet. Det vert gitt rom for kurs og utvikling når det ligg til rette for det.

Sjukefråvær

Registrert sjukefråvær var på 2 % i 2014. Det er fokus på nærversarbeid og eit godt arbeidsmiljø.

Økonomi

Inntektene kjem i hovudsak frå kommunal rammeoverføring. For 2014 var denne overføringa kr 210 000 lågare enn i 2013. Overføringa frå soknerådet har auka som følgje av givarteneste. Festeavgiftene vart auka i 2014. Dette gir ikkje effekt før påfølgjande år (forfall til betaling). 2014 vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 72 000. Meirforbruket ligg m.a. på pensjon og kjøp av nytt ikt-utstyr i 2014.

Tilsetting av kyrkjelydspedagog

Fellestrådet tilsette kyrkjelydspedagog i 100 % stilling frå 1.8. Ein ser at dette var rett. Kyrkjelydspedagogen har stor innverknad på evna til å driva eit målretta arbeid mellom born og unge. God struktur er heilt naudsynt når ein skal innføra trusopplæring basert på ein plan som systematiserer arbeidet.

Trusopplæringsmidlar

Fellestrådet fekk tildelt trusopplæringsmidlar i 2014, med full effekt for 2015. Midlane kjem frå Kyrkerådet. Tildelinga på kr 431 000 set oss i stand til å fullfinansiera stillinga som kyrkjelydspedagog og auka talet på dagar som teamet kan vera i Øygarden. Alternativet var reduksjon.

Kyrkjene

Kyrkjene er i god stand. Men, kvart år er det noko som må vedlikehaldast og skadar må reparerast. Vedlikehaldsbudsjettet er avgrensa og det vert berre gjort naudsynt vedlikehald og pålegg for utbetring som t.d. elektriske anlegg. Hjelme gamle kyrkje er avstengt for bruk. Øygarden kommune har som intensjon å få gjort tiltak som tek vare på kyrkja. Fellestrådet er avhengig av midlar frå kommunen dersom kyrkja skal sikrast for framtida.

Kyrkjegardar

2.4. vart den nye kyrkjegarden i Hjelme vigsla. Det er Øygarden kommune som har ansvar for bygging av kyrkjegardar. Ein ny flott prosesjonsveg var bygt frå kyrkja til den nye kyrkjegarden. Det er ei målsetting å halda kyrkjegardane i hevd til ei kvar tid, noko dei tilsette legg stor vekt på.

Vedlikehald og utstyr

I 2014 er det gjort naudsynt vedlikehald på kyrkjer og kyrkjegardar. Det totale vedlikehaldsbudsjettet var på kr 90 000. I 2014 fekk ein uforutsette utgifter på reparasjon av taket på tårnet på Hjelme gamle kyrkja og nytt kjøleagregat i bårhuset i Blomvåg i tillegg til ein del elektrisk arbeid. Pengane fer fort ut. Plentraktoren i Hjelme er heilt utslitt og reparasjonane har kosta. I 2015 vert det kjøpt inn nytt utstyr. Kjøleskapet i Blomvåg kyrkje slutta å virke. Nytt kjøleskap vert kjøpt inn i 2015. Kommune løyvde pengar til vedlikehald av orgelet i Hjelme kyrkje.

Kyrkjekontoret - husleige, utstyr

I 2014 vart det utarbeida ein husleigeavtale mellom kommunen og fellestrådet. Den kjem til politisk handsaming i kommunen i 2015. I budsjettet for 2015,

vedteke i kommunen i 2014, ligg det inne dekking av husleige for kyrkjekontoret. Fellerådet er nøgd med at situasjonen rundt husleiga har fått ei avklaring. I 2014 vart det bestilt nytt telefonsystem til kyrkjekontoret. Kommunen har halde kyrkjekontoret med telefonsystem sidan 1996. Kommunen ville ikkje betala for nytt system, noko som gjer at fellerådet må ta denne kostnanden sjølv. Det nye telefonsystemet vert levert i 2015. I 2014 vart alt IKT-utstyr ved kyrkjekontoret skifta ut. Maskinparken var gått ut på dato. Den totale kostnaden med dette var på ca kr 60 000.

Gravferder

I 2014 var det 53 jordpåkastingar, mot 28 året før. Nokre veker var det 3 til 4 gravferder. Det er krevjande i ein liten organisasjon. For prestenesta er det særskilt krevjande. I løpet av nokre få dagar skal ein delta på bæreandakt, sørgjesamtale og gravferd. Mannskapet har stått på for å få det til å fungere. Nærare 6000 menneske har vore tilstades i desse gravferdene.

Festeavgifter

Festeavgiftene auka i 2014. Festeavgifta er no kr 300 for ein gravstad pr år. Avgifta vert fakturert i 5-årsbolkar. Avgifta var kr 100 fram til endringa. Festeavgif-

ta er no tilnærma lik omkringliggende kommunar. Effekten av auken vil ein først sjå på inntektssida om nokre år, pga tidspunkt for forfall.

Tilhøvet til kommunen

År med trongare budsjett har ført til ei viss spenning mellom fellerådet og kommunen. Det har ordna seg og for tida er det eit avklart forhold mellom fellerådet og kommunen.

Det er viktig å merka seg at det er dei årlege budsjettløyvingane som kommunestyret til slutt vedtek som gjer at fellerådet kan driva verksemda. Kommunestyret må ha eit syn for arbeidet som kyrkja driv og funksjonen til kyrkja i lokalsamfunnet.

Framover

Fellerådet har ansvar for planar og utvikling og det er no i arbeid plan for Trusoplæring og soknerådet har sett i gong eit arbeid med kyrkjelydsutvikling. I 2015 vert det kjøpt inn ein del nytt utstyr som t.d. plenetraktor til Hjelme. I tillegg er det prioritert eit lydempande teppe mellom kyrkjeskipet og kyrkjelydssalen i Hjelme kyrkje. Lydanlegga i kyrkjene vert og vurdert skifta ut. I 2015 vert orgelet i Hjelme kyrkje overhalla. Det er sett av pengar i 2014 til dette.



Olav Martin Vik
kyrkjevevje



Kari Sandøy Rong
Kontorleiar



Anne Lise Grøm
Kantor



Kåre Kristoffersen
Kyrkjetenar/kyrkjeg.a.



Janesh Ameyna
Kyrkjetenar/kyrkjeg.a.



Bjørg Blom
Diakonimedarbeidar



Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog



Ane Marte Mikalsen
Team



Maria Markussen
Team




Maria Vårvik
Team

Bileta: Fast tilsette og Teamet 2014/2015

NØKKELTAL 2011-2015 ØYGARDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Inntekter (hovudpostar) - i 1000 kr	R=Rekneskap B=Budsjett					
	2011	2012	2013	B 2014	R2014	B2015
Overføring frå kommunen	4 750	4 300	4 710	4 500	4 496	4 506
Trusoplæringsmidlar	0	0	0	431	431	550
Betaling for gravferd	28	98	55	30	63	40
Betaling for leirar m.m.	100	154	150	156	144	161
Festeavgifter	56	62	54	80	57	80
Renteinntekter	48	54	53	30		40
Overføring frå soknerådet	15	34	150	150	126	150
Annonseinntekter ØyNytt	43	43	30	46	43	46
Kontingent ØyNytt	70	71	81	71	85	71

Utgifter (hovudpostar) - i 1000 kr	R=Rekneskap B=Budsjett					
	2011	2012	2013	B 2014	R 2014	B2015
Pedagog tilsett frå 1.8.2014						
Fastløn, vikarar, tillegg lørd/sønd	2 498	2 441	2 348	2 637	2 698	2 849
Arbeidsgjevaravgift	156	392	377	424	429	467
Pensjon	99	452	351	458	493	468
Kjøp av varer og tenester	2 651	1 935	1 837	1 911	2 197	1 640
Av dette ungd. konsulent	150	414	406	406	240	0
Av dette Team	307	307	307	307	349	360



Budsjettet for 2015

Figuren til venstre viser den prosentvise fordelinga av utgiftene for 2015, i forhold til forvaltning, utadretta verksemd og drift og vedlikehald.

Det totale budsjettet for 2015 er på kr 5 735 000, inklusive husleige kontor. Husleiga er på kr 390 000.

Resultat 2012 - 2014

(mindreforbruk/meirforbruk) i heile 1000 kr utan mva og avskrivningar

	2012	2013	2014
Inntekt	5 230	5 627	5 800
Utgift	5 714	5 311	5 872
Resultat	- 484	+ 316	- 72

- Underskotet frå 2012 er dekkja fullt ut.
- Frå 1.8.2014 vart det tilsett kyrkjelydspedagog i 100 % fast stilling.
- Frå 1.4.2014 får fellerådet trusoplæringsmidlar frå Kyrkjerådet.

Ikkje budsjetterte utgifter i 2014

Nytt IKT-system til kyrkjekontoret	kr 60 000
Nytt kjøleagregat til bærehuset i Blomvåg	kr 34 000
Deffekte spottar Hjelme kyrkje	kr 17 000
Reparasjon av tårn på Hjelme gamle kyrkje - Eigenandel	kr 8 000
Uforutsett rørarbeid på Blomvåg kyrkjegard	kr 4 000

Utgiftene er dekkja over driftsbudsjettet.



Konfirmantane spring for KRIK i Aust-Afrika Foto: Torgeir Sandøy Johannesen

Born og unge *ved kyrkjelydspedagog Hogne Berland*

Stor oppslutning av born og unge på tilboda/aktivitetar, enkelte veker opp mot 250.

Kyrkja hadde innleigd barne- og ungdomskonsulent frå Nordhordland Indremisjon 80% fram til sommaren. Hogne Berland var tilsett i denne stillinga. Frå hausten var det oppretta ei kyrkjelydspedagogstilling i 100% og Hogne vart tilsett i denne stillinga. Andre tilsette i barne- og ungdomsarbeidet har vore teamet NLM. Før sommaren var dette Therese Lervik, Malene Skartveit, Ane Marte Mikalsen og Solbjørg Kvamme. Frå hausten fekk vi nytt team med Ane Marte Mikalsen, Maria Markussen og Maria Vårvik. I tillegg har eit stort tal frivillige vore engasjert i kyrkja sitt barne- og ungdomsarbeid, særskild på leir.

Leirar

Alle born i grunnskulen (1.-10. klasse) har fått tilbod om leir også dette året. Leirane er som vanleg populære. Over 200 born var på leir i løpet av året. På nokre leirar er det venteliste og vi har difor frå 2014 delt 6.-7. klasseleiren opp i to leirar. Frå 2015 vil vi gjere det same med 3.-4. klasseleiren. Leirane utgjer ein stor del av trusopplæringsarbeidet til kyrkja. Mange ungdommar står i kø for å vera leiarar på leir. Takk til alle frivillige som stiller op!

Bibelgrupper

Frå hausten var det to guttebibelgrup-

per aktive som Hogne er leiar for. Arvid Vik har ei gruppe. Teamet har ei gruppe med konfirmantjenter og ei gruppe med fjorårskonfirmantar. I tillegg fins det ei bibelgruppe for unge vaksne mellom 20 og 30 år.

Lagsbesøk

Teamet har som mål å besøke alle laga i Øygarden to gongar kvart semester og alle søndagsskulane ein gong. Dette har vorte gjennomført så langt det lar seg gjere. Dei har vore innom Yngres, Gutten og Jenteforeninga på Vik, Blink på Blom og søndagsskular. I tillegg er dei med ein gong i månaden på AHAVA på Nautnes. Hogne har også vore på nokre lagsbesøk til Jenteforeninga, Yngres og Søndagsringen på Rong.

Utdelingar og utsending av materiale

Som eit ledd i trusopplæringsarbeidet får borna i kommunen ei gåve frå kyrkja kvart år. I kyrkja har vi i haust hatt utdelingar av bøker til 4-åringane. I nord har 5-åringane fått barnebibel i kyrkja, medan desse har vorte delt ut på søndagsskulane i sør. 5. klasse fekk Bibel i kyrkja. Det kan framleis sjå ut som at oppslutninga om utdelingar på gudstenester er dalande. Det vert elles sendt ut ein del materiell i posten til alle døpte.

Dåpsskule

I februar og mars vart dåpsskulen gjennomført. Dette er eit tilbod for 6-åringane som skal begynne på skulen til hausten. Hogne og Solveig Rob frå NLM har ansvar for dei fire samlingane og eit innslag på den avsluttande gudstenesta. Ei samling består av ein saft og kjeks, ei kort andakt, litt song og ein hobbyaktivitet. 19 born deltok i år.

Konfirmantarbeid

Denne hausten er det 68 av 77 9. klassingar som har meldt seg på konfirmantopplegget, dvs 88 % av kullet. Konfirmantane er fordelt på tre grupper. November var ein aktiv månad for konfirmantane då dei både arrangerte innsamlingsaksjon til KRIK og var på konfirmantleir. Vi opplever at mange er interesserte i å finne ut meir om den kristne trua.

K2

Nytt hausten 2014 var at det vart starta opp eit opplegg for fjorårskonfirmantane. Opplegget har fått namnet K2 og målet er at ungdommane skal få utforske den kristne trua endå meir. Undervisninga, som er ein gong i månaden, går meir i djupna og vi freistar å gjere undervisninga endå meir livsnær. Dei som ønskjer det får også moglegheit for praksis som i

Aktivitetar der tilsette i kyrkja er med	Når	Tal deltakarar
KRIK, Toftøy skule for 8 klasse og oppover	Annankvar fredag	20-40
K2 Etter konfirmanttida	Annankvar veke	24
KRIK 18+ Kulturhuset	Annankvar tysdag	10
Konfirmantar i 2014		68
Barnekantoret kor born 2.-7. klasse Fordelt på to grupper	Fredag og tysdag	20
Pluss-klubben 5.-8. klasse, Oen bedehus	Ein onsdag i mnd	30-40
Skulelaget, 8.-10. klasse	Kvar torsdag	20-40
Refuel, Rong bedehus ungdomsklubb frå 8 klasse +	Annankvar laurdag	40-50
AHAVA Ungdomsklubb, 5.-10. klasse	Ein fredag i månaden	10-20
Øygardskoret, vaksenkor	Kvar tysdag	12
Gospelteens, kor for born og unge, i aldersgruppa 10-13 år.	Annankvar tysdag	30
Leirar total deltaking	Gjennom året	234
Babysong Blomvåg kyrkje	Annankvar måndag	9-11

leirleiarar, eller som hjelpeleiar på lag. I tillegg kan dei få ein mentor om dei vil. Då er det anten Hogne, presten eller ei frå teamet som følgjer dei opp med ein

“Vi har eit fint fellesskap og dei er ein engasjert gjeng. Oppstarten av K2 har verkeleg vore eit av høgdepunkta i 2014”.

samtale om lag annankvar månad. 24 av fjorårskonfirmantane er no meldt på. Dei aller fleste har også vald å ha praksis og mentor. Vi har eit fint fellesskap og dei er ein engasjert gjeng. Oppstarten av K2 har verkeleg vore eit av høgdepunkta i 2014.

Babysong

Babysong er eit nytt tiltak frå 2014 og inngår i trusopplæringa. Det er på dagtid annankvar måndag i Blomvåg kyrkje.

KRIK

KRIK samlast på Toftøy gamle skule annankvar fredag frå 19-21. Det samlar mellom 10 og 40 ungdommar. KRIK har eit eige styre av ungdommar som har ansvar i samarbeid med teamet og Hogne.

Refuel

Oppslutninga om ungdomsklubben er svært god. Framleis samlast mellom 40 og 50 ungdomma på Rong bedehus annankvar fredag. Ungdommane har sjølv mykje ansvar for drifta av klubben.

Det er eit tydeleg, kristent miljø rundt ungdomsklubben og den er kanskje den viktigaste arenaen vi har for å nå ungdommane med evangeliet og disippeljera dei. Ungdomsklubben er knytt opp til forsamlinga INRI på bedehuset og eit stort tal frivillige herfrå er med og arrangerer ungdomskveldane

Skulelaget

Skulelaget samlast framleis i lunsjen kvar torsdag på ungdomsskulen til andakt og leik. Oppmøtet har vore på mellom 20 og 50. Styret på 8 elevar er flinke og tek ansvar. I tillegg er teamet med stort sett kvar gong og bidreg med andakt.

Pluss-klubben

Denne klubben er innmeldt i Nordhordland Indremisjon og er eit samarbeid mellom kyrkja og lokale krefter på Oen bedehus (hovudsakleg Linn Andersen).

Både teamet og Hogne har delteke her. Klubben samlar mellom 30 og 50 born mellom 5.-8. klasse ein onsdag i månaden. Her ser ein også mange som ikkje deltek på andre kristne aktivitetar og klubben samlar born frå heile Øygarden.

Samarbeid med skule og barnehage

Harald Breistein (regionleiar i NLM Vest) har også i år (november) vore i 5. klassane i kommunen med opplegget “Vandring gjennom Bibelen” på oppdrag frå kyrkja. På to dobbeltimar får 5. klassingane reise gjennom heile Bibelen ved hjelp av hugseord og bevegelsar. Opplegget vart svært godt mottatt av både elevar og lærarar.

Skulane og barnehagane samarbeider med prest, kantor og Hogne om gjennomføringa av julegudstenestene. I 2014 hadde vi ei julevandring med barnehagane i staden for ei «vanleg» gudsteneste. Dette fekk vi svært gode tilbakemeldingar på.

I oktober har 1. og 2. klasse på alle skulane vore på besøk i kyrkja som ein del av “den kulturelle skulesekken” i kommunen. Dei er her ein time kvar og får sjå seg litt rundt i kyrkja, prøve kyrkjeklokker og orgel, sjå på prestekler og lære om symbolbruk i kyrkja.

Arbeid med trusopplæringsplan

Nye midlar til trusopplæring kom i fjor og med dei kom behovet for å utarbeida ein ny trusopplæringsplan. Soknerådet er hovudansvarleg for den nye planen. Det skal lagast ein grundig plan som skal gje ei heilskapleg trusopplæring for alle døpte frå 0-18 år. Dette arbeidet er no i full gang. Ei trusopplæringsgruppe er sett ned av stab og frivillige. Dei arbeidde i fjor mest med kartlegging av eksisterande arbeid og strategi og grunnlag for den nye planen. I 2015 vil dei gå meir over til å arbeide med konkrete tiltak for dei ulike aldersgruppene. I fjor sat følgjande personar i gruppa: Øyvind Solsvik, Birgitte Rong, Leif Gunnar Vik, sokneprest Espen Tveten, kantor Anne Lise Grøm og kyrkjelydspedagog Hogne Berland. Leif Gunnar ga seg ved årsskiftet og Siv Helen Vik er komen inn. Det har vore både krevjande og gjevande å arbeide med den nye trusopplæringsplanen. Å gå gjennom alt arbeid, stille litt kritiske spørsmål og starte opp nye tiltak er spennande.

Vi har fått tildelt Kristin Løvdøen Hope som mentor. Ho er prest i Fridalen kyrkje og har tidlegare arbeidd fleire år med trusopplæringsplanar på bispedømmekontoret. Ho vil følgja oss opp og gje tilbakemeldingar i prosessen. Ny plan skal leverast bispedømmet for godkjenning før sommaren 2016.

Rekneskapstal for barne- og ungdomsarbeidet

	2013	2014
Lønnskostnadar ¹	728 000	950 000
Husleige for leirar	142 000	160 000
Innkjøp av materiell	60 000	91 000
Diverse andre kostn	15 000	12 000
Mat til konfirmantar	12 000	18 000

¹I tillegg kjem lønskostnadar på andre stillingar som indirekte utfører arbeid innanfor dette tenesteområdet. Direkte lønskostnadar inneheld og kostnaden med teamet. I tillegg kjem kurs..

6. klassane er også på besøk i forbindelse med den kulturelle skulesekken Dei har eit opplegg der dei lærer om kyrkja si historie og kristne symbol. På slutten får dei måle glasmåleri som vert stilt ut på biblioteket i adventstida. Tilbakemeldingane her har vore gode og alle elevane er veldig engasjert i dette opplegget.

Fakta om Skjergardsheimen

- 9 890 overnattingsdøgn i 2014
- 4 190 personar innom i 2014
- 250 av desse frå Øygarden
- 48 medarbeidarar til ulike oppgaver gjennom året.

Skjergardsheimen - populær leirstad og leirskule



Hatten, 5336 Tjeldsto | Telefon: 56 38 25 10 | Epost: leirstad@skjergardsheimen.no



Øygardskoret i Blomvåg kyrkje - salmegudsteneste

Kor og kyrkjemusikk *ved kantor Anne Lise Grøm*

Barnekorarbeid er trusopplæring

Dei faste tenestene for kantor

- Gudstenester og gravferd / vigslar.
- Øygarden barnekantori – to avdelingar - og Øygardskoret.
- Planleggingsmøte med dei tilsette.
- Konfirmantarbeid: innøving av liturgi og salmesong.
- Samarbeid kyrkje/ barnehage/ skule
- Konsertar
- Ansvar for deltaking av kor, korps, solistar, gruppe til gudstenester/ konsertar.
- Administrasjon (planlegging og tilrettelegging av alle arbeidsoppgåvene).
- Eigenøving. 20 % av arbeidstida skal gå til øving på orgel.
- Omsorgsenteret saman med presten annankvar tysdag.

Andre oppgåver

Akkompagnering av elevar i kulturskulen ved enkelte arrangement. Desse elevane nyttar me på enkelte gudstenester/ konsertar i kyrkjene.

Den kulturelle skulesekken med 2. klasane på besøk i kyrkjene med m.a. innlagt "galleribesøk" der elevane både får sjå inni orgelet og prøva å spela. Pensjonistlag/ eldretreff/ andre aktørar som eg akkompagnerer ein gong i mellom.

Barnekorarbeidet er trusopplæring

Barnekantoret vart delt i to hausten 2010: Alvheim skule for 2.-4. trinn fredag i SFO-tida og i Hjelme kyrkje for 5.-7. trinn tysdag rett etter skulen.

Barnekantoret syng på gudstenester og konsertar i kyrkja, på Omsorgssenteret 2 gonger i året, "Syng med oss" som Øygardskoret arrangerer på Kystmuseet og anna oppdrag.

Barnekantoret er medlem i Ung Kyrkesong som arrangerte konsert i Biskopshavn kyrkje i oktober og arrangerer årlege helgeturar. Turen til Jondal måtte me dessverre avlysa i år, grunna sjukdom.

Alvheimgruppa fungerer som aspirantkor og syng mykje omkvad og mindre tekst, mens Bakkengruppa syng diskantar/ altstemme og meir tekst. Dei har meir krevjande oppgåver og inspirerer og hjelper dei mindre til å yta meir når dei syng saman, og kan trekkja opp kvaliteten i kraft av sin alder og erfaring.

Øygardskoret

Øvingane er kvar tysdag frå kl.19.30-21.30. I Hjelme kyrkje. Faste oppdrag: song i kyrkjene på gudstenester og konsertar og på det årlege mållagsarrangementet på

Kystmuseet, Omsorgssenteret 2 gonger i året og "Syng med oss" på Kystmuseet.

Koret syng nokre gonger i felleskor med barnekantoret som t.d. på "Vi syng jula inn". Me er medlem i Kirkesangforbundet. Koret deltok på Nordisk Kirkesangfest på Færøyane i mai. Det var ei stor oppleving, med m.a. allsong av fleire hundre deltakarar på torget.

Øygardskoret song og i kyrkjene. Koret song songar frå alle nordiske landa, i tillegg til at kora frå Bergensområdet hadde eit eige repertoar.

Øygardskoret er ein viktig aktør for å gjera den nye salmeboka kjend framover.

Konsertar m.m. i kyrkjene

16.03. i Blomvåg

Øygardskoret og Sund kyrkjekor. «Visst skal våren komme».

19.03. i Hjelme

Sondre Bratland m.m. Kommunen

30.03. i Blomvåg

Gospelteens

09.04. Blomvåg

Påskespel. Blomvåg skule

06.07. i Blomvåg

Song og musikk gudsteneste

13.07. i Hjelme

Song og musikk gudsteneste

25.11. i Hjelme

Salmekveld med den nye salmeboka.

Øygardsskoret

09.12. i Hjelme

Julespel. Bakken skule

11.12. i Blomvåg.

Rong brass

14.12. i Hjelme

Vi syng jula inn. Rong skulemusikk,

Øygarden barnekantori, Øygardsskoret

21.12. i Blomvåg


Vi syng jula inn. Toftøy skulemusikk, Lys-

kastaren, Vik mannskor

Takk til alle som deltek som aktørar på desse arrangementa.

Jubileumsmarkeringar

Grunnlovsjubileet vart markert 23.2. i Hjelme kyrkje med ordføraren tilstades. Kommunen sitt 50-årsjubileum vart markert 1.6. i Hjelme kyrkje, der Christine Guldbrandsen deltok med song og Belinda Tomic på kornett.



I 2014 vart det kjøpt inn 210 nye salmebøker.

Sparebanken Vest gav kr 30 000 til dette føremålet. Soknerådet finansierte resten av kostnaden, kr 36 000.

Fast givarteneste

Fast givarteneste er med og held oppe teamet. *Teamet er t.d. heilt nautsynt for leirarbeidet i regi av soknerådet.*

Gåver til soknerådet kan trekkjast frå på likninga

I 2014 kom det inn kr 79.850 fast og i tillegg kr 21.580 i andre gåver.

Fleire må gi i framtida.

Gospel teens

Øver i Blomvåg kyrkje annankvar veke på tirs dagar. Det er ca. 30 deltakarar i alderen 10-13 år. I 2014 var Gospel teens på korturné i Rogaland og avslutta turneen med konsert i Blomvåg kyrkje 30. mars.

Vaksenleiarar er Olaug Merete Rong, Gustav Landro, Åse May Solsvik Blom, Ranja Sjøstrøm, Hanne Line Landro og Kate Solsvik. Alle øvingane startar med andakt og bøn.

Gospel teens deltek på gudstenester i Øygarden.



Statistikkar 2008-2014

Statistikkar for perioden 2008-2014								
Aktivitet	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2014 tot
Døyppte i Blomvåg 1	41	34	19	34	27	31 (27)	43 (37)	54
Døyppte i Hjelme 1	15	9	27	17	4	16 (4)	11 (4)	
Konfirmantar i Blomvåg	45	46	0	37	40	39	46	61
Konfirmantar i Hjelme	10	13	59	14	10	15	15	
Vigde i Blomvåg	5	10	2	17	9	11	13	14
Vigde i Hjelme	1	5	7	3	1	1	1	
Gravlagde i Blomvåg	16	26	8	19	38	20	36	53
Gravlagde i Hjelme	15	10	31	13	18	8	17	
Innmelde total	0	1	1	2	1	2	5	
Utmelde total	5	5	5	4	4	0	6	
Gudsteneste søndag	69	63	59	62	65	66	85	
Andre gudstenester	12	17	17	17	11	16	2	
Nattverdsgudstenester	41	38	36	39	42	44	37	
Gudst. deltaking Blomvåg	5386	5009	2990	4352	4999	5610	5556	9394
Gudst. deltaking Hjelme	2825	2751	4058	2966	3100	3353	3838	
Deltaking i snitt Øygarden	101	97		92	106	109	108	
Nattverdsjester Blomvåg	970	931	645	957	948	1448	930	1473
Nattverdsjester Hjelme	626	667	894	550	850	747	543	
Kyrkjeoffer Blomvåg	94028	101369	88645	106702	98170	127757	127543	
Kyrkjeoffer Hjelme	82028	83376	87803	97172	100992	100689	117397	
Offer til eige arbeid	27092	23235	18139	23483	24351	119626	36101	244 940
Givarteneste	0	0	0	0	0	46800	104250	

Merknad 1. Talet i parantes er born som nøyter heime i soknet. Dei andre er frå andre sokn, eventuelt og utanfor Øygarden.

4-årsbok utdeling Blomvåg - kullet totalt	42	46	35	
Møtte i kyrkja	25	21	9	
4-årsbok utdeling Hjelme - kullet totalt	10	7	8	
Møtte i kyrkja	5	5	6	
5-års bibel utdeling i Blomvåg - kullet totalt	41	43	52	
Møtte i kyrkja	29	21	20	
5-års bibel utdeling i Hjelme - kullet totalt	6	7	8	
Møtte i kyrkja	5	5	5	

Frå årsmøtet i 2014

Her følgjer innspela frå årsmøtet 2. april 2014

- Godord for arbeidet som vert gjort.
- Etterlyste nytt misjonsprosjekt
- Gav ros til ØyNytt
- Minna om "Å gå ut"
- Måten ein organiserer teamet på. Er det den beste løysinga?
- Etterlyste hyppigare samlingar i ungdomsklubben på Nautnes.
- Godord til soknepresten
- Ros til Anne Lise og Barnekantoret
- Diskutera kva er kyrkja lokalt sine kjerneverdiar, kva ønskjer me skal vera viktig framover.
- Finna gode løysingar for å ta vare på Hjelme gamle kyrkje
- Eit godt arbeid vert gjort, ikkje slik alle stadar





Frå eldreturen i 2014. Turen gjekk til Sund. I forgrunnen til venstre, Bjørg Blom. Foto: Karstein Fjeldstad

Diakoni og omsorg *ved diakonimedarbeidar Bjørg Hindenes Blom*

Diakoni er evangeliet i handling

2014 har vore eit fint og godt arbeidsår, med stabilt virke. Me har fått oppretta eit diakoniuvalg for soknet. Førebels med 2 personar i tillegg til diakonimedarbeidaren. Desse er Bjørg Fjeldstad og Else Austbø. Dei er og med i frivillig teneste i kyrkja.

Besøksteneste

Den held fram som før. Talet på konfidantar er stabilt, men nokre få har gått bort dette året og. Me kunne trengja fleire besøkvenner, slik at me har ressursar når behovet melder seg. Ein del av besøka er knytta opp mot sorgarbeidet, v/ dødsfall.

Temakveldar

11.9. hadde me temakveld på Blom be- dehus, m/ Øystein Rønhovde og Undis Bergås frå Sjelesorgsenteret (no: Samtalsenteret) v/ Haraldsplass. Tema var: «*Kris- ten sjelesorg – Omsorgsteneste og makt*».

4.11. var det temakveld for Fjell, Sund og Øygarden, i Fjell kyrkje, v/ Rune Stray, instituttprest v/Modum bad. Tema var «*Å leve med sorg. Kva trenger sørgende?*» Ca 70 menneske møtte på denne kvelden, og responsen var god. Også på Blom var det godt frammøte.

13.10. Temakveld for frivillige på Haukeland s. 3 frivillige og undertekna var på ein interessant kveld, arrangert av

«Forum for frivillige» i Bergen. Tema var: «*God å snakke med.*»

Sorggrupper

På temakvelden vert det innvitert til sorg- grupper, som er felles for prostiet. Men heller ikkje denne vinteren kunne me få dei i gang, då det var for lite påmelding. PDU (*Prostidiakoniutvalget*) jobbar med dette, korleis få ut nok og god informasjon om både om sorggrupper og Prep-grupper. (Sjå under Prep). Arbeidet i PDU er eit godt samarbeid, som er heilt nødvendig, for å få i gang tilbud, som er vanskeleg for kvart enkelt sokn.

PREP

Samlivskurset «PREP» vart ikkje halde i haust, pga for lite påmelding, men vil bli starta opp i mars, dersom nok interesse. OBS: Dette er for par i alle aldrar! Det er eit kommunikasjonskurs, enkelt og let- tfatteleg! Innvtasjon har gått ut til alle gifte par i 2014. Men andre er og hjarteleg velkomne!

Underteikna har og vore på sjelesorgkurs på Haraldsplass, v/ Samtalsenteret. Nyttig og nødvendig, både for læring og påfyll!

Eldretreffa

Dette er trivelege samlingar, både for deltakarar og «stab!» Mange ulike gjestar,

med ulike tema som vert snakka om, andakt og song til glede og oppbygging.

Turen i juni gjekk til Sund kommune, med vitjing i Kausland kyrkje. Der vart me tatt godt imot av sokneprest Børnes, som og hadde andakt til oss. Elles gjekk turen via Glæsvær, Telavåg- museet, og avslutta med god lunsj på Panorama hotell. God oppslutning, m/ full buss, og gode guidar! Turen er felles for heile Øygarden. Me vil og prøva på ei fellessamling i april, for begge eldretreffa.

Integrering

Me har framleis samarbeid med dei med funksjonshemming. 16. mars var dei sær- skild innviterte til kyrkja, der dei fekk delta i prosisjonen, mm. Dette var ei familiegud- steneste, noko som fungerte svært godt. Dette vil me gjenta til våren att. Me hadde då ei samling på førehand, der dei fekk øva på ulike ting i gudstenesta.

Innvandrarane

Eg er framleis med på «Språksprell» for inn- vandrane, saman med ein del frivillige. Dette er både nyttig, menog kjekt! Me blir kjende med dei nye «Øygingane». Får eit innblikk i deira kultur, historie, og bakgrunn. Dei er så positive. Me lærer av kvarandre!

Kyrkjeskys

Mange av desse ynskjer å gå i kyrkja på gudsteneste, men har ikkje bil. Også andre i kommunen har problem med dette. Me prøver å få til ei god ordning på dette, men har ikkje fått det heilt til endå. Me treng fleire frå Blomvåg Sokn som kan stilla som sjåfør! Har me mange på lista, så vert det ferre gonger på kvar!

Det er behov for frivillige medarbeidarar innanfor diakoniarbeidet.

Dette er diakoni

Jesus brydde seg om menneska. Han forkynte og han hjalp menneske. Han helbreda sjuke og han ga utstøytte ein plass i fellesskapet. Ifølgje Bibelen nytta Jesus begrepet diakonos ('tenar') om seg sjølv. Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste.

Diakoni er difor evangeliet i handling. Det dreier seg om nestekjærlig, inkluderande felleskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Spennet er stort frå den kvardagslege omsorgen for naboen via arbeid for klima til internasjonalt

engasjement for nedkjemping av fattigdom.

Diakonien ynskjer å fremje respekt og verdigheit og vil bidra til at menneske kan leve i forsoning med seg sjølv og andre, og til å myndiggjere menneske i eiga liv. Det dreier seg om å bidra til at menneske får teke vare på rettane sine.

Dette er visjonen for den diakonale tenesta i Den norske kyrkja (henta frå Plan for diakoni):

Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.

Kommunikasjonskanalar som vert nytta

ØyNytt, Facebook, kunngjeringar, plakatar, avisomtale, annonsar, frå person til person



Nytt team er i gong



Karstein Pahr

-er forstandar i pensjemenigheten Slon, som driv omsorgsenter på Tjelstad.

- 3 Andakt ved prest Lars Arne Vik
- 5 Etter konfirmasjonsstida, kva sår?
- 8 K2 og babysong
- 16 Populær eldretur

ØYNYTT 40 ÅR

2014 var ØyNytt 40 år. Bladet kom ut med 6 nummer mot 5 nummer året før. Bladet fekk ny lay-out i 2014.

ØyNytt vert gitt ut av Øygarden sokneråd og er eit viktig kommunikasjonsorgan. Bladet vert distribuert til alle husstandane i Øygarden og det er ein god del abonnentar utanfor kommunen.

Kontingenten er frivillig. Bladet er avhengig av at mottakaren betaler kontingenten og at det er tilstrekkeleg med annonsar i bladet.

Bladet skal ha ein klar kristen profil, men med variert stoff som kan interessere ein brei lesarskare.

Rekneskapstal for ØyNytt

R=rekneskap B=budsjett

	R 2014	B 2014	R 2013
Inntekter			
- Kontingent	85 500	71 000	81 000
- Annonsesal	43 000	46 000	30 000
Utgifter			
- Trykking	89 600	85 000	81 400
- Distribusjon	42 500	30 000	33 100
Meirforbruk	3 600	0	3 500

ØyNytt kom ut med 6 nummer i 2014. Det var budsjettert med 5 nummer.

Redaksjonskomité

Olav Martin Vik, redaktør, Hogne Berland, Espen Sigve Tveten, Anders Vik og Kari Sandøy Rong.

Lay-out, tekst og bilete vert gjort av kyrkjekontoret og trykkeriet får no ei ferdig fil. Det reduserer kostnadane.


Kommunikasjonskurs

I 2014 var kyrkja i Øygarden pilot for eit nytt kommunikasjonskurs i regi av kyrkja sentralt. Målet er å bevestigjere tilsette og kyrkjelege råd på kommunikasjon og korleis nå ut med budskapen.

Det var erfarne kurshaldarar med Oddbjørg Aasen Bjørdal, som har jobba mange år i NRK og ved Gimlekollen mediesenter og Anne Helen Frivold som har arbeida med kommunikasjon i privat næringsliv og i Søndagsskulen. Ho har m.a. utarbeida konseptet Tårnagentane.

Kurset vart godt tatt i mot hos dei som deltok. Staben er godt rusta for å tenkja strategisk rundt kommunikasjon

Ny heimeside i 2014 www.kyrkja.no/oygarden



I 2014 fekk kyrkja lokalt ny heimeside bygt på sentralt utvikla nettsider.

Den nye heimesida gjer det lettare for brukaren å finna informasjon og det er lettare å redigera sida.

Aktuelle nyhende vert fortløpande lagt ut på heimesida.

Redaksjonell omtale i VestNytt

I 2014 har det vore ei rekkje artiklar om arbeidet i regi av soknerådet. Dette er strategisk for å informere om arbeidet og få menneske interessert i kristent arbeid.

Artiklane er lagt merke til i kyrkja både regionalt og nasjonalt. Dette får omtale i ei ny bok som IKO gir ut, om kommunikasjon i Den norske kyrkja



Kyrkja i Øygarden er på facebook. Her vert det informert om gudstenester og andre aktivitetar i regi av kyrkja. I snitt er det ca 40-50 personar som les informasjonen. Facebook: [kyrkjaioygarden](https://www.facebook.com/kyrkjaioygarden)

Soknepresten si melding

Mange ynskjer å sjå vekst i arbeidet og ber for arbeidet. Samstundes må me huska at berre Gud kan skape vekst.

Sokneprest Espen Sigve Tveten.
Foto: Olav Martin Vik



Av: sokneprest Espen Sigve Tveten

Jesus Kristus er forkynt

Eg er takksam for kyrkjelydane i Hjelme og Blomvåg. Gjennom året 2014 har det vore stor aktivitet i arbeidet, og Jesus Kristus har blitt forkynt til små og store. Uløna medarbeidarar og stab har i samarbeid lagt ned mykje arbeid. Fellesråd og sokneråd har vist engasjement for at kyrkjelydane skal veksa i kvantitet og kvalitet. Mange ynskjer å sjå vekst i arbeidet og ber for arbeidet. Samstundes må me huska at berre Gud kan skape vekst. Det kan ikkje me menneske, men me skal vere takksamme og gi Gud ære for det gode som skjer, og som me får vere ein del av.

Gudstenester

Me skal vere takksame for at framøte til gudsteneste stig dette året og. Det er ein vekst når det gjeld summen av tal menneske på om lag 5%. (9448 i 2014 og 8963 i 2013). Sidan me har fleire gudstenestar enn året før, fell gjennomsnittleg deltaking frå 109 til 108. Nattverd-deltakinga har minka frå 2195 til 1473, noko me i hovudsak trur skuldast færre gudstenester med nattverd.

I tillegg til dei vanlege gudstenestene, gjennomførte me Sprell-levande gudstenestae, KRIK-messe, ungdomsgudsteneste og gospelmesse. Disse gudstenestene krev mykje forarbeid, men får gode tilbakemeldingar.

Kyrkjekaffi er det no på omtrent alle gudstenester. Mange set pris på dette. Eg oppmodar sterkt kyrkjelydane til å slutta opp om kyrkjekaffien og fellesskapet, og til å ta kontakt med nye menneske.

Det er flott at me har søndagsskule i Hjelme. Det er eit lydproblem mellom kyrkjelydsalen og kyrkjeskippet. Me håper

å gjera noko med denne utfordringa dette året. Eg skulle svært gjerne sett at me hadde eit tilbod til barn i Blomvåg kyrkje og. Men det er no tilrettelagt for at barn kan samlast bak i kroken av kyrkja. Det er viktig at menneske i alle aldrar skal kjenna seg velkomne til kyrkja.

Det er verd å merke seg at talet på døypte fell dramatisk på landsplan, og særskild i byane. I Øygarden er talet stabilt

Gravferder og vigslar

Det har vore mange dødsfall i kommunen dette året, og mange har vore i sorg. Mest merksemd fekk bortgangen og gravferda til ordførar Otto Harkestad.

Talet på vigslar i Øygarden er lavt, men stabilt. For dei som ynskjer lite merksemd i høve ei vigsel, er det eit godt alternativ å verta vigd på prestekontoret. Det har skjedd i 2014 og.

Eg opplever at folk er nøgde med korleis kyrkja er til stade i folks liv ved spesielle anledningar som gravferd og vigsel, og at det er rom til å forkyne evangeliet.

For andre tal og statistikk, sjå tal og statistikk.

Fellesskap

Soknerådet gjennomførte i 2014 ei undersøking i kyrkjelydane. Vi har knytt oss til NAMU (Naturlig menighetsutvikling) i gjennomføringa og etterarbeidet av undersøkinga. Undersøkinga gav oss ein såkalla «kyrkjelydsprofil» der kategorien «inspirerende gudstenester» kom best ut. Lågast kom «livsnære grupper» og «varme relasjonar». I tida som kjem vil soknerådet og ein nedsett komité arbeida vidare med fokus på å styrkje

dei svakaste områda. Men det å skapa varme relasjonar og gode fellesskap er ikkje noko som kan vedtas av eit organ, det handler om kva du og eg gjer i møte med enkeltmenneske og storfellesskapet.

Uløna medarbeidarar

Dei uløna medarbeidarane er den viktigaste resursen kyrkja har. For det første fordi vårt aktivitetsnivå avheng av kor mange frivillige som tar del. Men enda viktigare er det at alle ser det som si oppgave å forkyne evangeliet i ord og handling ut i sitt nærområde. Om me tenkjer at evangeliet blir forkynt i Øygarden berre i kyrkje og bedehus, når me ikkje langt nok ut. Spørsmål til ettertanke omkring medarbeidarar: Har me nok områder det går an å engasjere seg i og opplever menneske at deira evner og gåver er etterspurd i fellesskapen? Og gjer med nok til å få folk til å finna deira rette teneste?

Av særskilde arrangement for 2014 kan nemnast opplæringsmøte og sumarfest for gudstenestemedarbeidarar og visjonsskvelden i haust.

Viktige område for satsing

- Fortsette å utvikle gudstenestene
- Smågruppefellesskap
- Fokus på varme relasjonar
- Trusopplæringa
- Utrusta den enkelte til teneste og vitnemål